

**Notat**

Dato: 18.04.2017

Arkivsak: 2017/3282-1

Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Breibanddekning i Hordaland 2016**

Då utvalet handsama «PS 32/2017 Tilskot til breiband» på møtet 22.03.2017 kom det spørsmål om breibanddekninga i Hordaland. Oversikten under gir ein kortfatta oversikt over status i Hordaland samanlikna med dei andre fylka, og korleis stoda er i kommunane i Hordland.

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) presenterer kvar haust ei stor dekningsundersøking over tilgang til breiband for norske husstandar og næringsbygg (inkl. offentlig sektor). Analysen byggjer på data henta inn frå leverandørane av breiband i den norske marknaden. For fast breiband vil det seia om lag 125 tilbydarar. For mobilt breibånd er dekningskart frå mobiloperatørane analysert. Resultatet beskriver breibanddekninga ved utgangen av første halvår 2016. Hovudkonklusjonen er at svært mange no har tilgang til dei høgaste hastigheitene. I 2016 hadde 78 prosent av husstandane i Norge tilgang til breiband med nedstrøms hastigheit på over 100 Mbit/s. Breibanddekninga i Hordaland samsvarer om lag med landsgjennomsnittet.

Fylke	100/10 Mbit/s	50/10 Mbit/s	30/5 Mbit/s	25/5 Mbit/s
Oslo	98 %	98 %	99 %	99 %
Rogaland	87 %	88 %	91 %	92 %
Akershus	86 %	87 %	88 %	89 %
Vestfold	80 %	81 %	83 %	85 %
<b>Hordaland</b>	<b>78 %</b>	<b>80 %</b>	<b>84 %</b>	<b>85 %</b>
Telemark	78 %	79 %	82 %	83 %
Buskerud	78 %	79 %	82 %	83 %
Sør-Trøndelag	77 %	79 %	82 %	83 %
Vest-Agder	76 %	78 %	82 %	83 %
Østfold	75 %	77 %	81 %	82 %
Troms	74 %	76 %	78 %	80 %
Aust-Agder	71 %	73 %	76 %	78 %
Finnmark	70 %	75 %	85 %	86 %
Nord-Trøndelag	67 %	68 %	70 %	73 %
Nordland	66 %	69 %	72 %	73 %
Møre og Romsdal	64 %	67 %	73 %	75 %
Hedmark	53 %	56 %	64 %	65 %
Oppland	52 %	54 %	61 %	63 %
Sogn og Fjordane	44 %	49 %	53 %	54 %
<b>Norge totalt</b>	<b>78 %</b>	<b>79 %</b>	<b>82 %</b>	<b>84 %</b>

Andel husstandar med tilbod om 25 Mbit/s til 100 Mbit/s nedstrøms kapasitet per fylke.

**Breibanddekning på kommunenivå i Hordaland**

Tilbodet om breiband med høgare kapasitetar er i vekst, men det er vesentlege skilnader mellom grisgrendte og tettbygde strøk. Rundt 96 % av husstandane i tettbygde strok har tilbod om et høgkapasitetsnett. Tilsvarende tall for spreiddbygde strøk er 37 %. Den viktigaste årsaka til denne forskjellen er at utbyggingskostnaden per bygning vanlegvis er langt høgare i grisgrendte strok.

I Hordaland har rundt 84 % av husstandane tilbod om meir enn 30 Mbit/s nedstrøms kapasitet. Tabellen under viser andel husstandar med tilbod om 25 Mbit/s til 100 Mbit/s nedstrøms kapasitet per kommune.

Kommune	100/10 Mbit/s	50/10 Mbit/s	30/5 Mbit/s	25/5 Mbit/s
Bergen	89 %	90 %	93 %	94 %
Etne	46 %	46 %	46 %	46 %
Sveio	60 %	63 %	66 %	68 %
Bømlo	94 %	94 %	95 %	95 %
Stord	85 %	85 %	87 %	88 %
Fitjar	63 %	65 %	66 %	68 %
Tysnes	81 %	81 %	82 %	84 %
Kvinnherad	12 %	18 %	31 %	37 %
Jondal	0 %	0 %	0 %	0 %
Odda	70 %	72 %	79 %	82 %
Ullensvang	2 %	2 %	7 %	12 %
Eidfjord	3 %	3 %	3 %	3 %
Ulvik	0 %	11 %	27 %	36 %
Granvin	0 %	16 %	36 %	39 %
Voss	39 %	47 %	56 %	60 %
Kvam	66 %	68 %	71 %	73 %
Fusa	78 %	79 %	80 %	81 %
Samnanger	30 %	36 %	45 %	50 %
Os	82 %	84 %	88 %	90 %
Austevoll	0 %	1 %	97 %	97 %
Sund	73 %	76 %	80 %	82 %
Fjell	84 %	85 %	87 %	89 %
Askøy	73 %	76 %	81 %	84 %
Vaksdal	65 %	70 %	75 %	77 %
Modalen	91 %	91 %	91 %	91 %
Osterøy	30 %	30 %	30 %	30 %
Meland	66 %	69 %	73 %	74 %
Øygarden	66 %	69 %	73 %	76 %
Radøy	93 %	93 %	96 %	96 %
Lindås	48 %	51 %	54 %	57 %
Austrheim	66 %	67 %	68 %	71 %
Fedje	0 %	23 %	43 %	55 %
Masfjorden	0 %	7 %	11 %	12 %
<b>Hordaland</b>	<b>78 %</b>	<b>80 %</b>	<b>84 %</b>	<b>85 %</b>

Meir detaljert informasjon om breibanddekning finn ein på linken: <https://www.nkom.no/aktuelt/nyheter/stor-%C3%B8kning-i-tilgangen-til-h%C3%B8hastighets-bredb%C3%A5nd>